




Kristen friskule



– foreldrerett og
barnet sitt beste

Tryggheim ungdomsskule
Tryggheimsvn.13, 4365 Nærbø
Telefon: 51 79 80 70
e-post: ungdomsskulen@tryggheim.no

* Barn og unge er store delar av livet sitt på skulen. Det er difor viktig kva påverknad dei får der, kva "briller" dei får å forstå verda gjennom. Ingen skular er nøytrale, dei vil alltid formidle livssyn gjennom haldningar, verdiar og lærestoff




– meininga med livet, rett og galt, mennesket sitt forhold til Gud. Ein kristen friskule vil vise barn og unge at Gud høyrer til i livet og bryr seg om kvart menneske. Skulen gjev tydeleg påverknad, med respekt for bakgrunnen og vala til elevane.

* Oppseding og undervisning basert på kristen etikk og kristent menneskesyn viser elevane at dei er verdfulle og utfordrar dei til å bry seg om andre menneske og ta ansvar i samfunnet. Skulen står for haldningar som motverkar individualismen og materialismen i samfunnet. Ein kristen friskule bidreg difor til eit godt liv for den einskilde og til eit godt samfunn.



* Kristne friskular er opne for alle, utan omsyn til livssyn, kulturell bakgrunn, økonomi mm. Der møtest elevar med ulike bakgrunn og lærer å forstå og respektere kvarandre.

* Kristne friskular har dei same faga som i skular og høge krav til fagleg kvalitet. Elevane om kristendom enn i kommunale skular, dei om andre religionar og livssyn.



kommunale lærer meir lærer også

* Foreldreretten er nedfelt i menneskerettane. Den inneber rett til og ansvar for å bestemme kva oppseding og undervisning barnet deira skal få, ut frå kva som er best for barnet. Barn er ikkje foreldra sin eigedom, men foreldra må velje for dei når dei er små og hjelpe dei å ta stadig meir ansvar for eige liv.

* Kristne friskular er ei hjelp til foreldre og barn som ynskjer ei kristen oppseding. Skulane gjev hjelp til å motverke noko av det dei oppfattar som negativ påverknad i mange samanhengar i samfunnet.



* Kristen tru er ein relasjon til Jesus Kristus, eit fritt val for kvar einskild. Kristne friskular verken kan eller vil indoktrinere elevar i kristen tru, men vil gje dei kunnskap, innsikt og erfaringar som grunnlag for eige val.

Menneskerettslova seier:

Funksjoner staten påtar seg i utdanning og undervisning, skal den utøve med respekt for foreldres rett til å sikre slik utdanning og undervisning i samsvar med deres egen religiøse og filosofiske overbevisning. (Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK), første tilleggsprotokoll. Art. 2)